

### Kjøp av vill etnelaks til rognproduksjon

---

*Etnelaksen er no den siste livskraftige laksebestanden i Hardangerfjorden. Det er stort infeksjonspress av lakselus i utvandringsruta for etnelaksen, og det er kvart år mykje rømt oppdrettslaks som går opp i elva. Det må setjast inn tiltak for å sikra den siste livskraftige laksebestanden i Hardangerfjorden. Forskarane og rådgjevarane for forvaltinga vert samstundes utfordra til å leggja fram presis kunnskap om konsekvensane av at rømt oppdrettslaks kryssar seg med villaks. Vi treng no rogn av ca 20 ville etnelaksar for produksjon av rogn til undersøkinga vår og eventuelt til ei vidare sikring av etnelaksen i genbank, og ber med dette fiskar i Etneelva om å få kjøpa delar av fangsten av villaks. Slik kan du som fiskar vera med å støtta arbeidet med å framskaffa kunnskap om miljøeffektar av rømming, og samstundes sikra genmateriale av etnelaks.*

Havforskningsinstituttet skal framskaffa data og kunnskap på område som er viktige for forvaltinga av akvakulturnæringa og for forvaltinga av villaks og sjøaure. Dei seinare åra har vi gjennomført fleire undersøkingar av korleis rømt oppdrettslaks og lakselus påverkar villaks og sjøaure. Vi har også utvikla metodar for DNA testing av rømt laks, slik at forvaltinga i mange tilfelle kan spora opphavet til urapportert rømming. I tillegg har vi i tre tilfelle vist at det har skjedd endringar i DNA profilar hos villaksbestandane med høge andelar av rømt laks i gytebestandane.

Oppdrettslaks er ulik villaks i eigenskapar knytta til vekst, atferd og mengda av arveleg variasjon, eigenskapar som påverkar evna til overleving i naturen. Denne skilnaden er eit resultat av målretta avlsarbeid gjennom 40 år, med siktemål å betra viktige produksjonseigenskapar i oppdrettssamanheng. Samanlikningar av villaks og oppdrettslaks, og kryssingar mellom desse, har vist at genflyt frå oppdrettslaks til villaks kan redusere overlevingsevna til villaksen. Difor er genflyt frå oppdrettslaks til villaks eit av hovudproblema med rømming. Fordi det tidlegare berre er gjennomført to undersøkingar der ein samanliknar overlevingsevna hos villaks, oppdrettslaks og kryssingar i det naturlege miljøet, er det vanskeleg å generalisera kunnskapen, og det er ein del spørsmål vi ikkje har presise svar på.

Fiskeri- og kystdepartementet har bede Havforskningsinstituttet framskaffa presis kunnskap om dette. Havforskningsinstituttet har difor starta eit prosjekt der vi plantar ut augerogn av villaks, oppdrettslaks og kryssingar for å talfesta overlevinga hos dei ulike gruppene og i kva omfang rømt oppdrettslaks påverkar villaksen. Samstundes undersøker vi kva dei ulike gruppene beitar på, i kva grad avkom av oppdrettslaks konkurrerer med villaksen om mat, kva som eventuelt er årsaka til skilnader i overleving og om viktige gen endrar seg som følge av innkryssing av oppdrettslaks.

---

Etnelaks som etter ytre kjenneteikn ser vill ut og ikkje har alvorlege skadar etter fisket, vert betalt med kr. 1500,- pr fisk. Fisken må vera minst 4-5 kg. og skal samlast i stamfisk karet ved Etne klekkeri.

**Er du interessert i å bidra ??**

**For meir info om det praktiske med ruser og transport osv kan du kan ta kontakt med:**

**Steinar Grindheim (tlf: 53 75 67 40, mob: 977 87 180) eller Vidar Børretzen (tlf 979 88 354).**

---

Øystein Skaala  
Havforskningsinstituttet

---

Jan A. Vinje  
Etne Jeger og Fisk

---

Vidar Børretzen  
Etne elveigarlag